

**Ope brev til
Fylkeskultursjefen i Hordaland
Leserinnlegg i Bladet Sunnhordland**

Venelaget for Stord Maritime Museum er uroleg for museet si framtid.

Styret i Venelaget for Stord Maritime Museum ser med uro på nedbygging og magasinering (gøyme bort/lagring) av den unike samlinga av maritime gjenstandar som har sitt utspring i Trygve og Gunnar Oma si samling.

I følgjer rapporten frå Styret i Sunnhordland Museum skal det lagast eit nytt industrimuseum for Sunnhordland. Slik Venelaget for SMM forstår å lesa rapporten og uttale frå dagleg leiar i Sunnhordland Museum, er tanken å bruka minimalt av det Stord Maritime Museum inneheld i dag. Berre sporadisk vil det verta henta gjenstandar som modellar, verktøy og motorar for å underbyggja tekst og bilete i eit framtidig Sunnhordland Maritime Industrimuseum.

Ved å magasinere/"leggja på is" vil eksisterande samling sakte men sikkert verta øydelagt og ein vel etablert og viktig attraksjon om maritim kulturhistorie verta borte. Dette fordi det ikkje lenger vil vera kunnskap og engasjement for vedlikehald. Museet har i dag ei unik samling av ei rekkje maritimt utstyr og ulike motorar, brukt både på «sjø og land», som takka vera brørne Oma saman med «frivillig dugnadsgjeng», har henta inn og sett i stand.

Tidleg på 70-talet starta Trygve og Gunnar Oma å samla motorar, verktøy og maritime gjenstandar. Denne samlinga vart grunnlag for **Stiftinga Stord Maritime Museum** i 1994. *«Stiftinga er skipa ved gåvebrev frå Gunnar og Trygve Oma, datert 27.6.94 og innskoten grunnkapital på kr. 100.000 frå Stord Kommune.»*

I 2004 vart det inngått ein samarbeidsavtale mellom stiftinga og Sunnhordland Museum. Samarbeidsavtalen er no sagt opp, men med eit ønskje om å tilpassa den til ei framtidig utvikling av museet. Venelaget for SMM ser no med uro på at viktig maritim kulturhistorie blir gøymd bort og over sikt øydelagt dersom ein avtale ikkje kjem i stand. Det gjeld modellar av ulik skip/båtar, motorar, verktøy og andre gjenstandar som rører ved oss og fortel historia om vår kystkultur lang tid tilbake, ikkje berre på Stord, men også bygdene rundt oss.

Venelaget for SMM meiner at dei investeringane som er gjort må byggjast vidare på. Det gjeld tilskot frå Stord kommune, Fylkeskommunen, Skarpsnes fondet, private givarar, næringsliv og ikkje minst gjennom frivillig dugnad. Me føler også at Stord kommune gjennom deltakinga i stiftinga Stord Maritime Museum med ein sum, stor kr 100.000,-, har forplikta seg til å ta vare på samlinga.

Venelaget for SMM vil arbeida for å oppretthalda maritimt museum og utvikla det i noverande lokale. Å setja strek over SMM og laga eit nytt Sunnhordland Industri Museum vil verta svært resurskrevjande og svært utfordrande i å nå dei måla som rapporten frå Sunnhordland Museum til fylket og kommunen lovar.

Venelaget SMM stiller spørsmål om kva grunnlag rapporten er bygd på;

- Er det gjort analyse/vurderingar på kva dette vil ha av kostnadar? Er finansieringa på plass?
- Kven er samarbeidspartnarane? Er det gjort avtalar med private samlingar (les: Industrimuseum på Kværner Stord, Norsk motor museum i Skånevik, Wichmann-smia o.s.v.).
- Fagleg kompetanse ved SM finnes den, eller må ein ha fleire nye tilsette?

- Skal industrimuseet spegla industrihistoria gjennom tekst og bilete og nokre får gjenstandar?
- Er det berre eit ønskje, draum eller grunna på økonomiske og faglege vurderingar?

Venelaget for Stord Maritime Museum gjer gjennom sin faste dugnadsgjeng om lag 2000 dugnadstimar i året. Omvising og demonstrasjon av verktøy og motorar for den oppvekslande generasjon, skular, verksemdar, ulike organisasjonar/kystlag og private med interesse for maritim kultur er ein stor del av dette arbeidet og. Medlemmer i venelaget er kunnskapsrike og er godt kjende med region Sunnhordland si maritime historie. Det er på ingen måte gitt at denne kompetansen vil følja eit «nytt industri museum».

Tilbakemeldingane frå gjestene er svært rosande, og dei er alle storleg imponert over den unike samlinga som over år er utvikla ved Stord Maritime Museum. Til forskjell frå andre museum er fleire gjenstandar til å «ta og føla på», samt tilrettelagt for undervisning og forståing for korleis for eksempel maskinar verkar.

Samarbeidsavtalen mellom Sunnhordland Museum og Stiftinga Stord Maritime Museum vart sagt opp i oktober 2015, og ny avtale må vera ferdig forhandla innan 01.01.2017. I tillegg veit ein at avtalen om dagens lokale er redusert til korttidsleige. Stord Kommune yt vel kr 600.000,- til leige av lokale for Stord Maritime Museum over budsjettet kvart år. Venelaget for Stord Maritime Museum føresett at denne summen fylgjer Stord Maritime Museum og ikkje ei eventuell etablering av Sunnhordland Maritime Industrimuseum.

Ved nedbygging av Stord Maritime Museum vil ikkje grunnlaget for eit samarbeid lenger vera til stades slik venelaget er bygd opp. Styret for venelaget SMM vil arbeida for at Stord Maritime Museum framleis skal vera synleg og tilgjengeleg for publikum, anten sjølvstendig eller i samarbeid med samanfallande interesser.

Sjølvsagt treng Stord Maritime Museum fornyingar;

- Like vel må ein ikkje missa identiteten til SMM
- Ein må ta vare på og eksponera modellar, motorar og gjenstandar som er tilgjengeleg
- Venelaget vil vera med å gjera endringar som bidreg til eit levande og sjåverdig museum for publikum
- Sjønært er viktig – noverande plassering er den absolutte beste løysing ein kan få for eit maritimt museum.
- Venelaget treng lokale til foredrag og aktivitetar for våre 160 medlemmer og andre interesserte.
- Venelaget vil bidra med dugnad og økonomisk støtte så lang råd er.
- Venelaget trur at noverande museum vil kunna famna om målsetjinga eit maritimt industri museum skal spegla.
- **Venelaget for Stord Maritime Museum vil arbeida for noverande museum.**

Venelaget støttar **Stiftinga for Stord Maritime Museum** i arbeidet for å behalda **Stord Maritime Museum**.

Me vonar at politikarar, verksemdar, ulike gåvefond, maritime organisasjonar, medlemmer og publikum saman med oss, gir støtte til Stiftinga for Stord Maritime Museum for det arbeid dei har gjort over lang tid og ynskjer å gjera i framtida.

Venelaget for Stord Maritime Museum

Styret

Fredrik U. Litleskare Formann	Håkon Grov Skrivar	Gunnar Bjørk Kasserar	Jon Lund Styremedl	Olav Myhre Styremedl
----------------------------------	-----------------------	--------------------------	-----------------------	-------------------------